



Arkivnr: 2017/453-4

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		19.04.2017
Fylkesutvalet		03.05.2017

Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettfordeling nr. 3 -2017**Samandrag**

I budsjettet for 2017 er det løyvd 75 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren, og det er tidlegare fordelt 12,25 million kroner frå denne posten i 2017. I tillegg er det i fordelingssak nr. 2 råd til at ein fordeler 27 million kroner. I denne saka rår ein til at det vært løyvd 1,2 million kroner til bygging av modul/tilbygg ved Askøy vgs.

Forslag til innstilling

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 643.020.00	02300	02157	Askøy vgs - Tilbygg / modulbygg	1 200 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		1 200 000
				1 200 000	1 200 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærstad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 31.03.2017

Innleiing

I budsjettet for 2017 er det løyvd 75 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren, og det er tidlegare fordelt 12,25 million kroner frå denne posten i 2017.

I fordelingssak nr. 2 for 2017 er det vidare foreslått å fordele ytterlegare 27 million kroner til prosjekt ved Os vgs. og Fyllingsdalen vgs. Når denne saka vert skriven er den saka ikkje ferdig behandla.

I denne saka rår ein til å fordele ytterlegare 1,2 million kroner til prosjekt ved Askøy vgs.

Askøy vgs - Tilbygg / modulbygg

Askøy vgs. får frå hausten av ein ny elev med behov for særskilt tilrettelegging. Av praktiske omsyn må eleven være ved Askøy vgs. Skulen har ikkje kapasitet til denne elven innanfor eksisterande bygningsmassen .Skulen, den spesialpedagogiske tenesta i opplæringsavdelinga og eigedomsavdelinga har vurdert ulike alternativ og har konkludert med at etablering av eit mindre mellombels tilbygg/modulbygg er beste løysing. Bygget kan etablerast i tilknyting til eksisterande bygg for tilrettelagt opplæring noko som og vil sikre at eleven vært knytt opp mot skolemiljøet.

Prosjektet må være klart til komande skulestart og rådmannen rår til at det blir løyvd 1,2 million kroner til prosjektet frå ramma for Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren.